



Hundeidvik Storvald
Kristian Nordstrand

Dykkar ref.:

Vår ref.:

24/62 - 7 / KRITRA

Dato:

01.02.2024

Høyring - Strategiplan for forvaltning av hjort 2024-2026 og endring av forskrift om minsteareal for hjort

Sykkylven kommune skal rullere strategiplanen for forvaltning av hjort. Planen vert gjeldande for perioden 2024-2026.

Vilt- og innlandsfiskenemnda fastsette difor i sak 05/24, i medhald av forskrift om hjorteforvaltning § 3, at strategiplanen skal sendast på høyring.

Etter ein fagleg gjennomgang av planen ser ein behov for å endre minsteareal for hjort, som er heimla i lokal forskrift for Sykkylven, *Forskrift om minsteareal for hjort, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal*. Det er difor også nødvendig å endre denne forskrifta. Den sendast difor på høyring samtidig. Begge deler ligg vedlagt dette høyringsbrevet.

Målsettinga for neste planperiode:

«Etter mange planperioder med mål om å redusere hjortestammen, ønskjer viltnemda i denne planperioden å stabilisere hjortestammen i kommunen.

Ved å endre tildeling, vil vi få ein høgare andel eldre dyr, og høgare slaktevevter.»

Endringar gjort i strategiplanen:

Punkt/kapittel 1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning:

Dei 8 storvalda gjennomfører årleg 3 teljingar.

endrast til

Dei 8 storvalda gjennomfører årleg 2 teljingar samkøyrte med nabokommunar.

Ein ønskjer å stabilisere høgste teljing i kvart av desse områda på 325-350 dyr.

endrast til

Ein ønskjer å stabilisere høgste teljing i kvart av desse områda på 300-350 dyr.

Punkt/kapittel 4. Oppnå ein sunnare hjortestamme:

Ein redusert hjortestamme vil vere positiv for hjorten sjølv og husdyra den deler utmarka med deler av året.



endrast til

Ein stabil hjortestamme vil vere positiv for hjorten sjølv og husdyra den deler utmarka med deler av året.

Punkt/kapittel 6. Krav til bestandsplanane: For åra 2024 - 2026:

Overskrifta til punktet/kapittelet får oppdaterte årstal.

6.1. 30 % kalv retningsgivande

endrast til

6.1. 40 % kalv retningsgivande

6.2. 40 % kolle retningsgivande

endrast til

6.2. 30 % kolle retningsgivande

6.5. Dette vert godkjend ned til 400 daa per dyr. Om einskilde storvald vil jakte på areal under 400 daa per dyr, vert det berre godkjend koller og kalv. (50% og 50%).

endrast til

6.5. Dette vert godkjend ned til 500 daa per dyr. Om einskilde storvald vil jakte på areal under 500 daa per dyr, vert det berre godkjend koller og kalv (50% og 50%).

Nytt punkt 6.13:

6.13. Storvalda vert sterkt oppmoda om fortløpande registrering av «sett og skutt».

Punkt/kapittel 7. Fellingsavgift – Viltfond

Fellingsavgift kr. 240,- for kalv og 410,- for vaksne. Fellingsavgifta går direkte til viltfondskontoen i kommunen.

endrast til

Fellingsavgift settast lik maksimal sats fastsett av miljødirektoratet. Fellingsavgifta går direkte til viltfondskontoen i kommunen.

Endringar gjort i forskrift om minsteareal for hjort:

Etter gjeldande forskrift er minstearealet for hjort sett til 400 daa/dyr i storvalda Hundeidvik, Sørestranda, Velledalen, Sentrum og Søvikdal. I dei andre storvalda er minstearealet sett til 600 daa/dyr.

Ved endringa i forskrifta settast minstearealet til 500 daa/dyr for alle storvalda i kommunen.

§ 1. Sykkylven kommune vedtek å redusere minstearealet for hjort til 400 daa/dyr i følgjande storvald: Hundeidvik, Sørestranda, Velledalen, Sentrum og Søvikdal. For resten av kommunen er minstearealet 600 daa/dyr.

§ 2. Forskrifta tek til å gjelde 1. september 2012. Frå same tid blir det som gjeld Sykkylven i forskrift 1. april 2002 nr. 334 om høve til jakt etter elg, hjort og rådyr, Ålesund, Vanylven, Sande, Herøy, Hareid, Volda, Ørskog, Stordal, Sykkylven, Giske, Haram, Vestnes, Nesset, Midsund, Aukra, Tingvoll, Sunndal og Rindalkommunar, Møre og Romsdal oppheva.

endrast til

§ 1.

Sykkylven kommune sett minstearealet for hjort til 500 daa/dyr. Dette vert gjeldande for alle storvalda i kommunen.

§ 2.

Forskrifta tek til å gjelde 1. september 2024. Frå same tid vert «FOR-2012-06-18-897» Forskrift om minsteareal for hjort, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal oppheva.



Frist til å kome med innspel til planen og/eller forskriftsendringa er **1. mars 2024**.

Innspel/merknadar kan sendast til postmottak@sykkylven.kommune.no eller til kommunen si postadresse *Sykkylven kommune, Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven*.
Merkast gjerne med saksnummeret 24/62.

Med helsing

Kristian Trandal
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Gjeldande - Forskrift om minsteareal for hjort, Sykkylven kommune
Strategiplan for forvaltning av hjort 2021 - 2023

Forslag endring - Forskrift om minsteareal for hjort, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal
Høyringsforslag - Strategiplan for forvaltning av hjort 2024 - 2026

Andre mottakarar

Møre Og Romsdal Fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Naturvernforbundet I Møre Og Romsdal Ramstaddal og Nysætra Storvald Sentrum Storvald	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	Tingvoll
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde
Stranda Kommune	Øyna 13	6200	Stranda
Straumsdalen Storvald			
Sykkylven Bonde- Og Småbrukarlag	c/o Nils Sigurd Drabløs Vallavegen 31	6220	Straumgjerde
Sykkylven Bondelag			
Sykkylven Sau Og Geit	c/o Gunnar Horsevik Skogvold Brunstadvegen 159	6220	Straumgjerde
Sørestranda Storvald			
Søvikdal Storvald			
Velledalen Storvald			
Vikedalen Storvald			